

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Kyrkjebakken nr. 9 – 2024 – julenummeret – årgang 53- Nytt stoff innan. 17. januar

TEATERROTTA FORTEL

DEN VESLE BYGDA SOM GLØYMDE AT DET VAR JUL


BASERT PÅ HISTORIA AV ALF PRØYSEN



Foto: Andreas Røksvåg

Torsdag 5. desember kl. 17.00
Austrheimstova/Biblioteket

Støtta av Norsk Kulturråd & Det Vestnorske Teateret



Vinnar av diakonipris



Avduking av minnesmerke



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Eit stort lys

Vi les gjerne frå Jesajaboka kapittel 9 på julaftan. «Sanneleg, det skal ikkje vera mørker for henne som er i trengsle. Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.»

I skrivande stund rasar krigen i Midt-Austen. Menneska som høyrer til der vert ramma av død, øydelegging, frykt og tankar om hemn. Vi som er langt borte ser på nyhetene og vert motlause og kjenner at håpet sviner for ei framtid utan konflikt og krig.

Kontrasten mellom den vakre bibelske forteljinga i Jesajaboka og det vonde som skjer i dag er stor. Så stor at vi i fortvilinga kan tenke at i år bør vi legge bort juleevangeliet. For vert det ikkje for naivt eller for enkelt for oss som er så heldige å leve i eit land der det rår fred og ikkje krig? Men, det er akkurat no vi skal tenne lyset og la det stråle fram. Og jubla og glede oss over underet. Og samle oss om Barnet.

Menneske som er ramma av krig ville ikkje vere hjulpet om vi i solidaritet skulle avlyse jula. Gud er ikkje borte. Gud er til stades - også i vår tid.

Bibelforteljingane i Det gamle testamentet vitnar om at Gud alltid har vore til stades i menneska si historie. Profetane som i århundrar minna folket om Gud sine handlingar med folket. Og som formidla håpet om Han som skulle kome – Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.

Og Gud var rikeleg til stades då Barnet vart fødd og ein son vart oss gjeven. I Det nye testamentet vert vi kjent med Jesus. I møte med menneska er Han livsnær og direkte.

Gud var også rikeleg til stades på Moster då kristenretten vart innført. Den enkle bibelske sanninga om at alle menneske er skapte i Guds bilde fekk ei radikal nytolking som profetisk peika fram mot eit samfunn der makt forstått som den sterkaste sin rett vart avløyst av tanken om at alle menneske er ein del av same fellesskapen, og av den grunn har plikt til å ta vare på kvarandre.

Gud var rikeleg til stades i Bergen då kong Magnus Lagabøte gjorde sitt meisterstykke å samle Noreg i Landslova. Alle domsavgjerder vart no prøvd på om den dømde var vist Miskunn og rettferd. Om Sanninga var kome fram. Og om domsavgjerdar ville bygge Fred.

Så lat oss også i vår tid frimod leve i trua på at Gud er rikeleg til stades. Også i vår fortvilning og våre bønner om fred. Og i vår glede og forventning over å gå høgtida i møte skal vi sleppe jubelen laus.

Med ynskje og bøn om ei velsigna julehøgtid og eit nåderikt nytt år.

Prost Helge Taranrød





Juletresalg

LITTLELINDÅS



Ristna bruk ønsker gamle og nye kunder velkommen til juletreskogen vår inne på Littlelindås 101.

Følg oss på facebook for mer informasjon.

Her kan vi tilbyr deg Edelgran og vanlig gran rett fra skogen, eller du kan finne deg et som står utstilt ved løa vår.

Vi er selvfølgelig behjelpelig med både saging og pakking av ditt juletre.

Det vil også være salg av egenproduserte kranser, kristtorn buketter, gravpynt, hjemmelaget juledekor og diverse hjemmelagde produkter, samt Ramsløk pure og olje

Vi tar bestilling kranser fra siste del av november. Vi vil produsere disse fortløpende

For å komme i ekstra god julestemning så fyrer vi i bålpanna samt servering av gløgg og pepperkaker

Ta med heile familien til en koselig tur i juletreskogen.

Åpningstider:

Vi har åpent fra 07 des og helt frem til Jul, vi har fyr i bålpanna i helgene fra 11.00-16.00.

Om du vil komme og merke deg et tre eller finne deg et tre utenom disse tidene så er det bare å ta kontakt på mob 905 63 722/91757109 eller på FB-siden til Ristna Bruk.

Vi vil også ha utsalg ved REMA Mongstad fra 16-21 des.

Hos oss kan du også betale med kort, kontant eller vipps

Austrheim sokn

Døpte

29. september: **Emilian Vikene Brekke**

24. november: **Eline Hansen Tvedt
Hogne Krossøy Rosseland
Odin Nyheim Hermansen**



Takk

for alle helsingar og blomster og besøk på min 80-årsdag.

Takk til diakoninemnda som eg fekk hjertesjokolade frå og Tove Daae som kom og helsa på.

Helsing Åshild Synnevåg

Takke annonsar

Takk

til diakoninemnda for hjertesjokoladen som eg fekk til 80-årsdagen min.

Helsing Magnus Kvingedal

Hjertelig takk

til diakoninemnda for hjertesjokolade og helsing til 81 års dagen min. Og hyggelig besøk av Solveig Bakke.

Helsing Jorunn Magnussen Fønnes

Tusen takk

til diakoninemnda for hjertesjokoladen eg fekk til 81 års dagen min. Takk til Arne B. som kom med den.

Helsing Harry Larsen

Takke

til diakoninemnda for helsinga og sjokoladen som eg fekk til gebursdagen min.
Takk til Lilly for koselig besøk.

Helsing Konstane Sætre

Tusen takke

Tusen takk til diakoninemnda og til Bodil Monslaupe som kom med hjertesjokolade og helsing på min 88-årsdag.

Helsing Jan Foss

Takke

så mykje for sjokoladehjerter som vi fekk og takk til Gerd som kom på besøk.

Helsing Linda Rognhaugen

Takke

til Pål Andreas som kom med hjertesjokolade frå diakoninemnda på 81 års dagen min.

Helsing Ottar Sætre

BOWLING

I BEDEHUSET

Stiftelsen Betania Lervåg

Utleigeprisar for kjellaretasjen:

Utleige til bowling - voksne (2 seriar)	125,-
Utleige til familieselskap - voksne	175,-
Utleige til familieselskap - born	125,-
Utleige til barneselskap - born	125,-

For tryggleiken sin del er det nødvendig å setja ei øvre grense for kor mange born det kan vera i lokalet samtidig.

Øvre grense vert sett til maks 25 born.

Gjeld bruk av kjellarsal, kjøkkenkrok, ballrom, toalett og bowlingbane i 2 timar.

Leigetakar ryddar og vaskar etter bruk (gjeld ikkje golvet ved bowlingbana)

Prisen som er oppgitt er per person, med ein minstepris på kr 1000,-

Ta kontakt med Stig Totland for bestilling
mobil: 95073169

A festive background with blue and silver Christmas ornaments and snowflakes on a dark blue background.

Julekonsert med Austrheim Songlag

SNART JUL

Søndag 22. desember

kl. 17.00 og 20.00

i Austrheim Kyrkje

Dirigent: Elisabeth Jensen Risnes
Orgel og piano: Willian Kay
Gjestemusikarar

A group photograph of the Austrheim Songlag choir members, dressed in dark clothing, standing in several rows.

Pris voksne kr. 300,- barn kr. 100,- (barn til og med 15 år)
Dørene opnar 30 minutter før konsertane

KJØP AV BILLETAR PÅ – WWW.TICKETCO.NO

eller send SMS/e-post til: Janne Berger tlf. 91521689 / post@austrheimsonglag.no

Konsertane er støtta av:
Aktivitetsmidler
●●● FOR KOR ●●●

A QR code located in the bottom right corner of the poster.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

bygboe@online.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE
begravelsesbyrå **DAHLS**

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

ΦIEDER
NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ



Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 - www.nordh-bb.no - Kyrkjevegen 1, Alversund - Havnevegen 3, Frekhaug



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



Endring i utdeling av hjertesjokolade frå 2025

Diakoninemnda har i mange år markert bursdag til dei over 80 år med besøk og hjertesjokolade. Frå 2025 vert det ei endring. Då blir det besøk på 80 årsdag og 85 årsdag. Først frå 86 år vert det besøk kvart år.

Me gler oss til å komme på besøk.

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 1. des. 11:00 Formiddagsmøte, Leiv Nesheim talar.

Søndag 8. des. 11:00 Adventsmøte, Anita Solbakk talar.

Søndag 29. des. 17:00 Juleselskapet. Korgfest, ta med litt mat på fat.

Søndag 12 jan. 11:00 Formiddagsmøte, Solveig Hosøy talar.

Søndag 26 jan. 19:00 Kveldsmøte, Ole Corneliussen talar.

Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30



Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

BASAR

Søndag 26.januar kl. 17.00
Til inntekt for kyrkjelydshuset

Samarbeid med Kjerringrokkene, Seniorkoret, Bygdatreff,
Austrheim songlag og soknerådet / husstyret



Velkommen til fotbehandling!
Jeg holder til i lokalene til
Årås Sanitetsforening

Autorisert foterapeut
Janet H. Rebnord Talberg
Tlf. 98613252
austrheim.fotklinikk@gmail.com



JULEGAVETIPS



Gavekort på fotbehandling

JULEKONSERT

• AUSTRHEIM KYRKJE
SØNDAG 08.DES KL 18.00

Med Austrheim seniorkor,
forsongargruppa i kyrkja,

Kjersti Møllerup Wiik, Jan Kåre Hystad og Jostein Hauge.



Gratis inngang, kollekt

KYRJA VÅR FYLLER 160 ÅR



Tenk for ein flott tradisjon vi står i her i Austrheim. I 160 år har austrheimingar og andre gått til søndagsgudsteneste, feira dåp og bryllaup og tatt farvel med sine kjære her. Ja, vi kan nok og sjå lenger tilbake.

Døypefonten vår er over 900 år gamal, så det er lange tradisjonar vi no skal feira i Austrheim. Her i dette nummeret av Kyrkjebakken finn du ei oversikt over mykje av det som skjer i kyrkja i jubileumsåret 2025. Vi startar alt 26.januar med ein stor basar på Austrheim Samfunnshus. Inntekta frå loddsal og basar går til inventar og utstyr på

Kyrkjelydshuset, og det er mange lag og organisasjonar som står bak basaren. Her peiker vi og på jubileumsgudstenesta søndag 30.mars. Her vert kyrkjeminister Kjersti Toppe med, og vi skal saman markere at kyrkja er 160 år. I tillegg vil vi takke av Leif Arne Økland som 1.april vert pensjonist. Verd å merke seg er at 2.april vert det konsert av Edvard Hoem og Ine Hoem i kyrkja.

Vi håper de set pris på programmet og at innbyggjarane og andre støtter opp om kyrkja og det vi lager til i 2025.



VELKOMMEN TIL
LERVÅG BEDEHUS



Fredag 6. desember
Ungdomskveld for 7. kl + kl. 1930-2230.

Søndag 8. desember
Møte kl. 11. Knut Einar Vabø talar.

Søndag 5. januar
Bønn og faste kl. 11-14. Nattverd.

Fredag 17. januar
Ungdomskveld for 7. kl + kl. 1930-2230.

Søndag 19. januar
Møte kl. 11 Geir Talberg talar.

Tirsdag 21. januar
Ordets time. Bibelundervisning med Geir Talberg. kl. 19-21. Enkel severing.

Julegudsteneste

24. desember kl. 14

Med Kaland skulemusikklag

Else Linn og Mariam Myrås
syng og spelar

Andakt:
Eva Neteland



Austrheim kyrkje 160 år

Søndag 26.januar kl. 17.00

Basar på samfunnshuset

Torsdag 02. februar kl. 19.00

Syng deg glad - kveld

Torsdag 20.februar kl. 19.00

Konsert Rune Alver og Amalie Duesund

Onsdag 26.mars kl. 11.00

Bygdatreff - Fortellingar om kyrkja og kyrkjefolk

Søndag 30.mars kl. 12.00

Gudsteneste med markering av 160-årsjubileum

Onsdag 02.april kl. 19.00

Jubileumskonsert med Edvard Hoem og Ine Hoem

Søndag 13.april kl. 19.00

Sjå vi går opp til Jerusalem

Torsdag 29.mai kl. 12.00

Kristi himmelfartsdag - Utegudsteneste ved kyrkja

Open kyrkje med utstilling i juli

Mandag 18.august kl. 19.00

Kjerringrokken Temakveld med Frode Brügger Sætre

Torsdag 24.september kl. 19.00

Temakveld med Stein Hugo Fykse

Søndag 19.oktober kl. 19.00

Salmekveld med forsongargruppa

Mandag 03.november kl. 19.00

Kjerringrokken Temakveld med Mona Rosvold

Søndag 07. des kl. 18.00

Julekonsert

NB: med atthald om endringar.

Følg med i kyrkjebakken, heimeside og facebook

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket



Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15

NB – biblioteket er stengt i romjula

FONNES FILIAL

Torsdag i oddeltalsveker
10 - 16

Fonnes filial finn du på
Kaland skule.

Inngang ved den gamle
naturfagsalen, i hjørnet mellom
skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på facebook

GOD BOK

KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætremarka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætremarka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Hørselskontakt i
Austrheim 56 16 21 23



Min Salme



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Då eg vart utfordra på å velgja ut «min salme» takka eg eit tydeleg ja med ein gong. Det var fordi eg hadde ein klar tanke om kva eg skulle velja. Seinare kom det fram at eg skulle finna den julesalmen eg tykte var finast. Det vart litt meir komplisert. Før kunne ein berre opna salmeboka og velja ein salme. Når m.a. Prøysen med Julekveldsvisa gjorde sitt inntog i salmeboka, må ein innsjå at salmeboka ikkje berre inneheld salmar, men også viser og andre julesongar. For meg er ein julesalme ein salme som primært er nytta som allsong i kyrkja.

Eg har vore heldig og arbeid mykje med korsanger og solistsongar knytt til julehøgtida.

Dei finaste julesongane meiner eg me finn mellom desse, men det er ikkje salmar. Me har også ei rekkje fine julesongar som ikkje er særskilt knytt til kyrkja, Då tenkjer eg på f.eks. Det lyser i stille grender. Det er ein veldig fin julesong, men ikkje særskilt knytt til kyrkja. Ikkje minst har me ei rekkje moderne, flotte julesongar som har sine røter i gospelmiljøet. Dette er flotte songar, men kan etter mi mening ikkje definerast som salmar. Ut frå ein litt streng definisjon har eg vald ut julesalmen min. Eg har særskilt lagt vekk på definisjonen av kva som er ein salme.

Denne salmen har sin styrke i den nynorske teksten. Det er ein salme som trass i sin alder står seg godt i konkurranse med nyare komposisjonar.

Valet mitt vart til slutt

«Det hev ei rose sprunge»

Komponist / tekst: Fredrich Layliz / Michael Praetorius / Peter Hognestad

*Det hev ei rose sprunge
Ut av ei rot så grann
Som fedrane hev sunge
Av Jesse rot ho rann
Og var ein blome blid
Midt i den kalde vinter
Ved mørke midnatts tid*

*Om denne rosa eine
Er sagt Jesajas ord
Maria møy den reine
Bar rosa til vår jord
Og Herrens miskunns makt
Det store under gjorde
Som var i spådom sagt*

*Guds rose ljuvleg angar
Og skin i jordlivsnatt
Når hener ljøs oss fangar
Ho vert vår beste skatt
Me syng i englelag
No er det fødd ein frelsar
Og natta vart til dag*

Steinar Ebbesvik





OPPHØYR AV GRAVSTELLSAVTALANE

Austrheim sokneråd vedtok i sitt siste møte at ein avviklar alle stalleavtalane med verknad frå og med 2025.

Etter lengre tids vurdering har ein komen til at ein ikkje ønskjer å halda fram med ordninga i soknet sin regi. Soknet har 2 dyktige medarbeidarar som utfører gravstellet for oss no. Dei har gjort og gjer ein veldig god jobb med å halda gravene fine for dei som betalar for gravstell.

Soknerådet har på tross av dette bestemt å avvikla ordninga. Dette skuldast rett og slett behovet for å letta på arbeidsmengda til administrasjonen. Ordninga skal i prinsippet vera til sjølvkost, slik at inntekter og utgifter med ordninga skal gå i null. Vi har likevel komen til den erkjenninga at ordninga tek for mykje tid. Dette er heller ikkje ei teneste som gravplassmyndigheita har plikt til å tilby. Tenesta kan setjast ut til andre og vi veit at det er nærings

drivande lokalt som kan tenkja seg å tilby denne tenesta til dei som ber om dette.

Det er ikkje aktuelt for nokon av våre medarbeidarar å halda fram med denne tenesta som sjølvstendig næringsdrivande. Difor vert alle oppdragsgivarane tilskrivne med informasjon om at ordninga opphøyrer. I det brevet som kvar av dei får, går vi ut med informasjon om at dei kan kontakta næringsdrivande lokalt, som er godkjent av soknerådet til å driva næringsverksemd på gravplassane i Austrheim.

Aarhus Blomster på Mastrevik og Aufera har fått denne godkjenninga og kan kontaktast om ein ønskjer å betala andre for stell av graver.

Spørsmål kan rettast til kyrkjekontoret på tlf 56 16 72 90

Leif Arne Økland kyrkjevevjerje



Bygdatreff

På bygdatreffet i oktober fortalde Rune frå prestelivet sitt. Veldig interessant å høyra på. Under koronaen då det var vanskeleg for folk å vera saman, var Rune på Fedje og intervjuja den tidlegare losen Erling Walderhaug. Ein koseleg samtale som vart kalla Losen og himmellosen. Intervjuet kan du søkje opp på Youtube. Jan Foss spelte og song som vanleg. Med si kraftige røyst fekk han folket med deg. Ca 70 stk kosa seg med kaffi og smørbrød.



Neste bygdatreff er 27.november, så vert det ein liten julepause før me startar opp igjen 29.januar.

HAGE GRAVING LANDSKAP

Hekk og plen,
drenering,
vedlikehold
og rydding.

Ta kontakt for
GRATIS befarung
Tlf: 90 88 18 69

STILLAS & VEDLIKEHOLD

Utleie, montering,
godkjenning.

Bred erfaring, bare
fornøyde kunder.

Ta kontakt for
GRATIS befarung
Tlf: 90 88 18 69





Minnesmerkeavduking

Laurdag 09.november vart ein flott dag i Leirvågen. Då var det avduking av minnesmerke som heidra kvinner og menn som våga alt for Norge under 2. verdskrig. Det var to minnestøtter og ei minnetavle til dei som skal hugsast på for kampen for fridom og demokrati. To bautasteinar ved gravplassen i Leirvågen er til minne om Johannes J. Mongstad og Henrik O. Mongstad. På minnetavla står Samuel Lervåg og kona Alvilda Leirvåg, Edvardine Myklebusthaug og Nils Lervåg som og var sentrale i motstandskampen. Både ordføraren i Austrheim og Alver var tilstades på avdukinga, kontreadmiral Knut-Birger Olsen og ei gruppe frå Kaland skulemusikklag som spelte.



Tusen takk til Neptun Seniorlubb for det store arbeidet som er gjort for å få på plass denne minnestaden





Her er litt av det ho er engasjert i:

- Ho har sidan 1994 vore med i og leiar av Austrheim sokn si diakoninemnd og står bak mykje av det dei klarer å få til. Dei deler ut blommar/sjokolade til alle over 80 år, arrangerer to fester for eldre kvart år, og dei arrangerer Bygdatreff i kyrkjelydshuset (stort sett mellom 60 og 90 tilstades)
- Ho er frivillig vertskap på gudstenester i Austrheim kyrkje
- Ho deltek i foreninga Kyrkjeprydnað sitt loddsal
- Er aktiv i grendahuset og velforening i Øksnes der ho bur
- Primus motor og drivkraft for «Gudsteneste for alle» (tilrettelagt gudsteneste)
- Aktiv med i Kyrkjebakken, meldingsblad for Austrheim Sokn I det stor og heile er ho ei drivkraft i det diakonale og frivillige arbeidet i kyrkja og lokalsamfunnet her i Austrheim Igjen, vi gratulerer og dette var vel fortent og stor stas.



REGINE WAAGES

PRIS FOR FRIVILLIGHET OG DIAKONI

Gratulerer så mykje til Britt Rebnord som fredag 08.nov vart tildelt Diakoniprisen for sitt mangeårige arbeid der ho har vist stor omsut for andre.

Prisen vart delt ut av administrerande direktør Jørn-Henning Theis i Stiftelsen Diakonova Haraldsplass. Ho vart «lurt» med på diakonikonferansen i samarbeid med dottera Renate Rebnord Matre og kyrkjeverje Leif Arne Økland, så prisen kom som ein stor overrasking. Det er ei glede å ha deg som frivillig i kyrkjelyden vår.



UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:

17. januar
14. februar

Kyrkjebakken kjem ut:

29. januar
26. februar



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-

1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

